



Når kjem busslomma på Ljosnes? (Foto: Ola Matti Mathisen)

På Ljosnes ventar dei i spenning - på busslomma.

Erlend Moen har skreve eit nytt brev til kommunen om saka. Han minnar om at ho vart politisk behandla og teken inn i det reviderte budsjettet for 2008. No er det knappe tre månader att av 2008 og på Ljosnes ventar dei i spenning på når arbeidet vil starta opp.

Moen minner om at frå neste haust begynner to ungdommar på vidaregåande skule og dei vil då ta bussen frå denne sida av vegen kvar einaste morgon.